

Rekordstort frammøte til førehandsrøysting.

27.08.2019



Inger Haugland vert registrert før valet av valfunksjonær Geir Mogren.

Heile 75 personar møtte fram til røysting i dag, frå kl. 16 til kl. 19. Det er truleg rekord til å vera ei førehandsrøysting. Valfunksjonærane var gode nøgde med gjennomføringa. Med så godt frammøte, burde det vore to avlukke. Likevel: Det gjekk kjapt og alle fekk røysta innan rimeleg kort tid. Geir Mogren har godt grep på registrering og det formelle. Anne Berit Skeie og Bente Høyland rettleidde og hjelpte til.

Så må ein vera merksame på at valdagane er sundag 8. og måndag 9. september i Rosendal. Før det er det høve til å røysta på Rådhuset og i Kvinnherad Bibliotek, Husnes. For brukarar på alders- og sjukeheimane er det eigne ordningar. Det er også system for å røysta i heimen, dersom ein er sjuk eller er hindra frå å møta fram til ordinær røysting.

Nokre av dei frammøtte til vallokale i dag, spurde om det let seg gjera å røysta til Kyrkjevalet 2019. Kyrkjevalet er kunngjord i eige skriv. Det har alt vore ei førehandsrøysting. Det var etter gudstenesta i Uskedalen 18. august. I perioden 14. august til 6. september kan du røysta på kyrkjekontoret på Valen (onsdagar og torsdagar) eller på Rådhuset i Rosendal (fredagar).



Interessa for Kommunevalet lovar godt. Heile 75 røystføre personar møtte fram til førehandrøystinga på tre timar i dag, Dessutan har Kyrkjevalet røysting på valdagane 8. og 9. september i Rosendal, men hugs: I eige røystelokale i sambygg med Kommune- og Fylkestingvalet.

Uskedalen.no seier berre: Bruk røysteretten din. Godt val !

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal